

STIFTINGA
G-KULTUR

www.g-kultur.no

Oslo, 29.3. 2017

P R E S S E M E L D I N G

Da var laget godt å ha

Boklansering på Det Norske Teatret, fredag 21. april kl. 15

Magnhild Bruheim vart i april 2015 engasjert av Stiftinga G-Kultur til å dokumentere og skrive ned historia om Gudbrandsdalslaget. Magnhild er journalist og forfatter, og busett på Lillehammer.

Vi inviterer nå til lansering av boka *Da var laget godt å ha*, den samla historia om Gudbrandsdalslaget i Oslo 1920 - 2013. Lansering finn stad på Det Norske Teatret, Bikuben, fredag 21. april kl 15 – 17.

./: Vedlagt er invitasjon m/program for boklanseringa.

Viktig møteplass

I mange tiår var Gudbrandsdalslaget ein viktig møteplass, som eitt av mange bygdelag i hovedstaden. Tusentals unge gudbrandsdølar har vore medlemmer i laget og har deltatt på kaffekveldar, foredrag, dansefestar, hytteturar, teaterarbeid, studiesirkklar, leikkurs, idrettsarrangement eller andre av aktivitetane som laget kunne tilby. Mange har tatt med seg minne og erfaringar for livet.

I tillegg til bokprosjektet hadde Stiftinga G-Kultur to viktige målsettingar for arbeidet sitt ved etableringa i 2014: Ordne med arkivmateriale og fysiske eigedelar etter Gudbrandsdalslaget (bl.a. fotoalbum og lagsfana), og å sørge for ei permanent plassering av soluret frå lagshytta Skjennungstua. Arkiv og lagsfane m.m. er teke hånd om av Opplandsarkivet på Maihaugen, og soluret blir plassert ved Dale-Gudbrands Gard på Hundorp i samarbeid med Gudbrandsdalsmusea og grunneigar Rasmus Stauri.

Kontakt for meir informasjon:

Knut Hovslien, styreleiar
Kjell Austin, nestleiar/sekretær
Lars Ole Ørjasæter, kasserar

knut.hovslien@online.no / 9719 5148
kaustin@online.no / 4150 9460
lars.ole.orjaseter@getmail.no / 9085 9406